



## Kvistaddalen

Det mest iaugefallande i Kvistaddalen er *Kvistadjerringane* si ville rekke med tindena, også kalla *Skåregga*. Ei lang rad med svarte, ut-hola og dårleg festa tannstubbar. Men tinderada på vestsida er like spennande å utforske. Blant mange turmål i Kvistaddalen finn du også lettaste ruta til ein 1500-m sunnmørstind, *Skårasalen*.

Alle ruter i Kvistaddalen har same tilkomst. Det er skilta til Kvistad frå rv 655 vel 3 km frå *Sæbo*. Bomvegen går opp til 515 m, den åpnar når skisesongen er på hell, men framleis brukbar.

### 4.18 Skårasalen

Denne populære skiturtoppen kan vi tilrå også som ein grei fottur med jamn stigning i mykje stein og ur, og ofte snø. Om sommaren treng du ikkje vere redd for skavlane på toppen, du kan bøye deg ut for kanten og sjå rett ned på Skår.

Ruta har **middels tung** stigning frå **515-1542 m**, **3 t** kan vere høveleg tid, **3-4 km** i motbakke.

Eit lite skilt viser starten på stien frå øvste del av den grøne innmarka. Hald deg til venstre for den store fonnrenna, og sving nordover mot *Blåhornet*. Du kan også gå via skaret mot

*Over: Frå Kopphornet i juni.*

*Lisje-Skåradalen* før den dryge ura til eit platå der snøen ligg lenge, og kneika opp til vardane.

*Storhornet* ruvar steilt over *Olavsdalen*. Det er få som tek turen til toppen på 1358 m, men det er lett å gjere ein avstikker frå rute 4.18 til høgste topp på 1377 m, som vert kalla *Nipa* lokalt.

*Skåarakongen* og den gjennomhola *Jeksla* skil seg ut frå dei mindre taggane. Klatredugleik grad 4-5 kvalifiserer til bestigning. Søren den av egga vert også kalla *Søre Skårtind*.

### 4.19 Kvamsedalen

Ein avsides dal med eit bra fiskevatn. Ruta er greiast om hausten, då er den bratte snøen ved Fjellvatna som oftast borte.

Frå Kvistaddalen er det **middels tungt**, **5 km** kan gjerast på **2 t**. Høgdeskilnad frå **515-870-575 m**.

Frå parkeringsplassen til enden av traktorvegen langs dyrka mark, og vidare på god og merka sti eit kort stykke gjennom skog til ope landskap. Merk deg at stien går opp i fjellsida under *Kvistadjerringane* over 800 m før du held høgda sør til *Fjellvatna*. Om snøen er hard, kan det vere ein vrien passasje forbi vatna. Du ser snart ned i Kvamsedalen, og kan følgje stien nedover til den gamle støylen.

Eit alternativt vegval til Kvamsedalen går frå *Vasstøylvatnet* og på vestsida av *Tuva*. Her kan du få ein rundtur ut av ruta.

*Rognestøyltindane* skil Rognestøylaldalen frå Kvistaddalen. Tinderekkja når du greit frå Kvistaddalen. Dels sti til *Årsethornet*. Opprivne høgdepunkt søraust for *Sakshornet* har passasjar med vanskeleg, utsatt og luftig **klyving**.

*Langhornet*, 1229 m, har ein ruvende fjellvegg som har lagt frå seg store steinhaugar ved *Vasstøylvatnet*. Både *Langhornegga* og *Kubben* let seg nå frå *Trollvassdalen*, 870 m. Her er litt bratte, vegeterte fjellsider.

*Dukhornet* har ein spennande oppgang frå Kvistaddalen og *Langhornaldalen*. Den bratte **klyvinga** opp nordegga er ikkje like kjekk for alle.

### 4.20 Kvistaddalen - Skår

Frå ruta til Kvamsedalen kan du ta ein langtur vidare til Skår i spennande og skiftande landskap. Ruta er dels kraftig raudmerka.

**Tung 6 t** overgang, passasjar på snø opp til **1300 m**. **10 km** frå Kvistaddalen til Skår.

Sjå førre rute forbi *Fjellvatna*. Ved å halde høgda vidare mot sør i sidebratt terreng sparer du litt av den bratte fjellsida opp frå Kvamsedalen til